



**Jobbnorge-ID:** 95067  
**Søknadsfrist:** Avsluttet  
**Nettside:**  
**Omfang:**  
**Varighet:**

## Forskar i eksperimentell høgenergi partikkelfysikk - to mellombels stillingar

Ved Institutt for fysikk og teknologi (IFT) er det ledig to mellombels stillingar som forskar i eksperimentell høgenergi partikkelfysikk for tre år. Stillingane er finansierte av Forskingsrådet og er knytt til High Energy Particle Physics (HEPP) prosjektet <http://www.mn.uio.no/fysikk/english/research/projects/hepp/index.html>

For meir informasjon om HEPP, ta kontakt med prosjektleiar, professor Farid Ould-Saada, e-post: [farid.ould-saada@fys.uio.no](mailto:farid.ould-saada@fys.uio.no) / telefon: +47 948 61 474.

Stillingane er lagde til forskingsgruppa i subatomær fysikk og er knytt til ATLAS-eksperimentet ved Large Hadron Collider (LHC) ved CERN i Genève. Begge stillingane vil ha base ved Universitetet i Bergen. Hyppige opphald ved CERN er nødvendig.

Bergensgruppa er for tida involvert i ATLAS-analysar som omfattar Higgs-søk i tau-tau slutttilstanden, søk etter Supersymmetri i slutttilstandar som inneheld tau-leptonet, B-meson studiar i slutttilstanden som inneheld myoner, og deltaking i utvikling av verktøy knytt til identifisering av myon og tau. ATLAS-gruppa i Bergen har eigen "Tier3 computing-farm". Gruppa er involvert i oppgradering av ATLAS- detektoren, med aktivitetar i 3D-silisium pixel detektorutvikling. Forskingsprogrammet vert gjennomført i samarbeid med Universitetet i Oslo.

Med oppdaginga av Higgs-partikkelen er det neste trinnet i å måle eigenskapane til partikkelen, til dømes koplingstyrke og tverrsnitt av forskjellige produksjonsforløp. Gruppa har starta med målingar av Higgs til multilepton tilstandar, der ein ph.d.-student for tida er involvert.

Den eine forskaren vil arbeide på Supersymmetri-søk i slutttilstanden som inneheld tau leptonet. Dette inkluderer deltaking i utvikling av verktøy knytt til tau-identifikasjon. Oppgåva til den andre forskaren består av arbeid på Higgs-boson, med vekt på multilepton-analyse. Dette inkluderer deltaking i utviklinga av verktøy for myon identifikasjon. Det er forventa at forskarane skal hjelpe alle ph.d.- og masterstudentar i gruppa.

I tillegg er det forventa at ein av forskarane brukar 50 % av tida til forskinga på ATLAS-upgrade aktivitetar, mens den andre forskaren er forventa å bidra til til forvaltninga av den lokale Tier3-farm og til andre computing oppgåver innan HEPP-prosjektet.

Søklarane må oppgje klart kva for ei stilling dei søker.

Søklarar må ha oppnådd norsk doktorgrad i fysikk eller tilsvarende utlandsk utdanning innan søknadsfristen er ute.

Søklarar bør ha en sterk bakgrunn (ph.d. eller tilsvarende kvalifikasjonar) frå eksperimentell høgenergi-fysikk. Gode programmeringskunnskapar og erfaring innan dataanalyse og dessutan hardware-erfaring for ei av stillingane, er viktig. Forkunnskapar i ATLAS og ATLAS-analyse programvare er ein klar fordel.

Løn etter lønnssteg 57 (kode 1109/LR24.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-65). For særleg kvalifiserte søklarar kan det vurderast høgare løn.

For ytterlegare informasjon kontakt professor Anna Lipniacka, Institutt for fysikk og teknologi, Allegt. 55, 5007 Bergen, via e-post: [Anna.Lipniacka@ift.uib.no](mailto:Anna.Lipniacka@ift.uib.no)

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Send søknad, CV, attestar, vitnemål, liste over dei 5 viktigaste vitenskaplege arbeida med lenkje til full tekst til desse, inkludert ei liste over desse (publikasjonsliste) elektronisk (eller lenkje til vitenskaplege arbeid) ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGA" på denne sida.

Du må laste opp sertifiserte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk av vedlegga, til dømes vitnemål og karakterutskrifter.

Søknader sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

**Soknadsfrist: 4. august 2013**

**Merk søknaden: 2013/6753**

**Tilleggsinformasjon**

**Arbeidssted:**